

Kontaktinformasjon

Har du spørsmål om Oselvar? Nøl ikkje med å ta kontakt!

Spørsmål om reparasjonar, roing og anna bruk?

Kontakt Oselvarlaget!

Rune Søvik
47 38 96 15 (m)

eller

Nilmar Søvik
Hausdalsveien 232
5229 Kalandseidet

91 80 01 34 (m)

55 11 90 45 (p)

nilmar@sensewave.com



Spørsmål om båtbyggjing og reparasjon?

Kontakt Oselvarverkstaden!

www.oselvarverkstaden.no

Tlf. 56 30 54 86



Spørsmål om segling og rigging?

Kontakt Oselvarklubben!

Finn Totland
Edvard Griegsvei 12

55 29 68 51 (p)

98 85 59 58 (m)

55 97 20 26 (a)

finn.totland@helse-bergen.no

www.oselvarklubben.no




OSELVAR.NO



Oselvar? Kva er det?

Oselvar er ein tradisjonell klinkbygd trebåt som er svært vanleg i Hordaland. Båttypen har hatt ei lang historie som går minst 2000 år attende i tida. Oselvar-namnet stammar frå Os sør for Bergen. Kring 1750 er det berre to menn som driv båtbyggjing i Os og dei har nausta sine ståande ved utløpet av Oselva. Etter dette vert båttypen kalla Oselvar.

Som bruksbåt var båttypen utbreidd Bømlo i sør til Fedje i nord og vart i gammal tid brukt til fiske, og transport av folk, varer og dyr. Ein kan trygt seie at i gammal tid var båten minst like viktig som det bilen er for folk i dag.



Ein Oselvar vert bygd av utvalde material av eik og furu. Borda er svært breie og båten har berre tre bordgangar. Vanlegaste storleiken er færing som varierar i lengd frå om lag 5-6 meter. Seksæringen er frå om lag 6-7 meter lang. Det finst óg større utgaver av båttypen. Oselvaren har svært gode sjøeigenskapar, tar mykje last, seglar godt og er svært lettrodd.

Frå bruksbåt til konkurransebåt

Allereie kring midten av 1800-talet vert Oselvaren teken i bruk som konkurransebåt. Fyrst til kapproing, seinare til kappsegling. Både kapproinga og kappseglinga har ført til vidareutvikling av båttypen. Kwart år vert det arrangert både kapproing og kappsegling. Sidan 1978 har det vore avvikla 26 Norgesmesterskap i Oselvarsegling.

Korleis kan ein få prøve Oselvaren?

På Torgdagen er det høve til prøveturar på Vågen. Ta kontakt!

Kl. 13.00 på Torgdagen arrangerar Austevoll Seilforening sponsorregatta utanfor Nordnespynten.

Milde Båtlag inviterar til prøvesegling av Oselvaren på onsdag 14. juni kl. 1730. www.mildebatlag.org

Oselvarlaget på Os har dugnad tysdag og torsdag ettermiddag frå kl. 18-21. Du er velkomen innom til å låna ein båt eller ta ein prat i Oselvarnaustet på Os.

Oselvarverkstaden på Os har ope hus og omvisning kvar dag mellom kl. kl. 13 og 15. Omvisning for grupper etter nærare avtale. www.oselvarverkstaden.no

29. og 30. juli arrangerar Austevoll Seilforening Nasjonalt Klasseesterskap for Oselvar med utgangspunkt på Storebø.

26. og 27. august er det Kystsogedagar på Vedholmen i Os.

Laurdag 2. september er det Oselvarfestival med roing med vanlege Oselvarar og konkurranse-robåtar.

Terminliste for kappsegling med Oselvar:
http://www.mildebatlag.org/terminliste_2006_oselvar.pdf

I Hordaland er det mange kystlag som gjerne tek i mot interesserte. www.kysten.no

Lyst på eigen Oselvar?

Mange drøymmer om eigen Oselvar. Oselvarverkstaden tek i mot tinging av nye båtar. Brukte båtar vert stundom annonsert til sals, andre vert formidla gjennom kontaktpersonar i anten Oselvarlaget, Oselvarverkstaden eller Oselvarklubben. Ta kontakt for nærare informasjon!

Oselvaren – den levande båten



Oselvarklubben arbeidar med jubileumsbok. Boka vert eit praktverk om Oselvaren og vil gje ei brei presentasjon av saga til båttypen, båtbygging, tradisjonell og moderne bruk, med særleg vekt på kappsegling og Oselvarklubbens historie. Vidare kjem eigne kapittel om kapproing og fritidsbruk. Det store arbeidet som er lagt ned for å ta vare på båten og

kunnskapen om å byggja den vert grundig presentert. Vidare vil boka innehalda ei bruksrettleiing for korleis ein kan bruka båten med tips til mellom anna vedlikehald og rigging. Boka vil óg ha eit innhaldsrikt appendix med ma. statistikk frå Oselvareseglasar attende til 1800-talet og ordliste.

Oselvarklubben sit i dag på stort materiell: 10 000 bilete, 50 båt-teikningar, 25 spesiallaga kart og figurar samt eit omfattande skriftleg kjeldematerial. Boka vert trykt av Bodonihus, formatet vert ståande A4 og sidetalet om lag 400. Per 31. mai 2006 er det førehandselt 225 bøker. Bokverket er støtta økonomisk av Oselvarklubben, Sparebanken Vest, Lyssand Treindustri, Hordaland Fylkeskommune, Oselvarverkstaden, European Cruise Service AS, Bergen Kommune, Os kommune, Odfjell, Grieg Foundation.

Framleis er det høve til å komma med innspel til boka dersom du kjenner til stoff som kan ha interesse. På Torgdagen vil forfattaren av boka, Kjell Magnus Økland, halda ein presentasjon av boka i auditoriet på Bryggen Museum kl. 1400.

Demonstrasjon av båtbygging på Torgdagen – Å saga på stelling

For å forma til halsane, dei nedste borda bak og framme i båten, lyt båtbyggjaren fyrst skjera opp stokken i høvelege emner. Ein måte å gjera dette på, er å *saga på stelling*. Då arbeidar båtbyggjarane to og to i lag og legg stokken oppå ein høg sagekrakk. Så vert stokken kløyvd i to etter margen med handsaga. Saga er filt slik at ho sagar på langs etter veden og berre sagar nedetter. Eine båtbyggjaren står eller sit oppå stellinga og styrer bladet, den andre står under og dreg. Når dei sagar, vrir dei to båtbyggjarane sagbladet kvar sin veg. Halsemna vert skore 2 ½-3 ” tjukke (6,5-7,8 cm) for å få plass til vridinga i halsen.



Nikolai og Alfred Søvik (under) sagar ein hals på stelling i 1956.

Demonstrasjon av klinking

Oselvar er ein klinkbygd båt. Det vil seia at båtborða vert klinka saman med anten jarn- eller koparsaum. Nedste kanten på det øvste bordet overlappar øvste kanten på det nedste bordet. På Torgdagen har du høve til å læra korleis du kan klinka saman to bord. Instruktørar er båtbyggjarar frå Oselvarverkstaden.



LYSSAND TREINDUSTRI



GRIEG FOUNDATION

Tre aktører? Kven gjer kva?

Oselvarlaget i Os

Oselvarlaget i Os vart stifta i 1990 for å ta vare på og fremja interessa for Oselvaren som bruks- og fritidsbåt. Oselvarlaget arbeidar óg for å ta vare på og auka kunnskapen om verdifull kystkultur og miljø knytta til Oselvarbåten. Laget har bygd og eig Oselvarnaustet på Os. Her driv Oselvarlaget restaurering av båtar og opplæring av nye båtbrukarar i både roing og segling.

Oselvarverkstaden

Oselvarverkstaden vart stifta i 1997 og er eit tiltak for å ta vare på den unike handverkstradisjonen knytt til å byggja Oselvar. Her går unge båtbyggjarar i lære for å læra handverket frå dei siste tradisjonsbærarane. Oselvarverkstaden er kompetansesenter for Oselvarbyggjing og er komen i stand etter samarbeid mellom Norsk Kulturråd, Os Kommune og Hordaland Fylkeskommune. Oselvarverkstaden held til på historisk grunn ved utløpet av Oselva.

Oselvarklubben

Oselvarklubben vart stifta i 1945 under namnet Bergen og Hordaland Seiler Samband (BHSS). I 1974 vart BHSS omdanna og endra namn til Oselvarklubben. Oselvarklubben er ein nasjonal klasseklubb under Norges Seilforbund som arbeidar for å sikra like konkurransevillkår for dei regattarigga Oselvarbåtane og seglarane deira. Oselvarklubben arbeidar for å fremja Oselvaren som seglbåt, fastsetja klassereglar, tildela registreringsnummer og føra register over båtane. Medlemmar i Oselvarklubben er óg medlemmar i lokale seglforeningar.